



Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 2016

Bøverdalen - Lom - Garmo

75. årgang

Var eg ein Gud,
ville eg skapa
ei stillare verd.
Der skulle alle elske.

Var eg ein Gud,
ville eg skapa
kjærleik og død,
berre kjærleik og død

-Fattig ynskje - Tor Jonsson





Kyrkjeblad for Lom

Kyrkjeblad for Lom med noko attåt

Som de vil sjå, er bladet de no sit med nytt av utsjånad og dels innhold. Kyrkjebladet er framleis «hovudbladet» med sitt innhold. For dei som har sakna Lomsnytt, vil kommunen ta opp att tråden med dette og kjem med faste sider i bladet. På det viset når kommunen alle husstandane i Lom med skriftleg informasjon fire gonger i året slik som kyrkjebladet gjer.

Vi vonar dette vert bra, og ynskjer svært gjerne attendemeldingar frå dykk lesarane!

**Var dette ein god ide? Er det noko de saknar?
Er det noko vi bør gjere annleis?**

PROSTIDAG I SEL

Kristi himmelfartsdag 5. mai

Førebels program:

- 11:00 Gudstjeneste Sel kirke
- 13:00 Lunsj/kaffe på Otta
- 14:30 Dagens tema: «Kirka – va skjer'a?»
Slutt ca kl 16:00

Fullstendig program vil bli annonseret.

Påmelding p.g.a. lunsj til Sel kirkekontor tlf. 61 20 90 50 innan 29.

april.

VELKOMEN!

Arr.: Nord-Gudbrandsdal prosti/Kirka i Sel

Kva skjer i Lom?

Det er mykje som skjer i kyrkjekommunen i tida som kjem – og her er ein påminningsliste over nokre av dei arrangementa som skjer i mai og i sumar:

- **1. mai** er det messe i Lomskyrkja kl. 11:00. Vi markerer Tor Jonsson 100 år, og Håvard Teigen frå Tor Jonsson-laget medverkar med tale.
- **5. mai** (Kristi Himmelfartsdag) vert det eigen gastronomisk messe i samband med «Gastronomiske Festdager» som vert arrangert i Lom i tida 5.-8. mai. Messa byrjar kl. 19:30. Musikkinnslag ved Reidar Svare.
- **Laurdag 28. mai** kl. 19:00 vert det for første gong arrangert messe i Lomskyrkja i samband med Flåklypa Grand Prix. Musikkinnslag.
- **Fredag 17. juni** kl. 19:30 vert det tradisjonell martnasmesse i samband med Fjordingsmartnaen i Lom 17.-19.juni. Musikkinnslag.
- **Olsok – 29. juli** – kl. 18:00 vert det Olsok-messe i Lomskyrkja.
- **Sundag 31. juli** kl. 11:00 vert det messe på den gamle kyrketomta i Garmo. Vi vonar på godt ver. Ta med stol og noko til kyrkjekaffe.

LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
4. etasje på Midtgard måndag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40
Prestegarden: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelven, tlf. 61 21 73 38
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR &
TRUSOPPLÆRAR
Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39
kyrkjelydssekretær@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun
KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00

tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET
Bankkontonr.: 2085.07.11772

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug &
Gunn Berit Vole Mork

TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50
lasse@dg-trykk.no



Presten sine tankar

Gravferdene er kan hende den viktigaste møtestaden mellom kyrkje og folk.

I Lom og mange andre stader i landet vårt, er det gravferdene som samlar flest menneske i kyrkjene. Kan hende er det slik, at det er i samband med død og sorg at oss menneske treng noko å tru på og ein stad å gå til. Kyrkja er ein slik stad – og har vore det i mange hundre år i landet vårt.

Gamle tradisjonar knytt til gravferda er i dag diverre borte. Tidlegare døydde dei fleste i heimen og gravferda skjedde frå heimen. Familie og vener tok del i små og store praktiske ting som måtte gjerast i samband med gravferda, og sorgprosessen var ein naturleg del av livet på garden og i heimen.

I dag dør dei fleste på institusjon – og døden har vorte institusjonalisert og profesjonalisert. I dag treng dei pårørande ikkje gjere noko som helst – berre møte opp i gravferda og ta farvel med den døde. Vi

skyv døden og sorga bort. Vi vil helst ikkje snakke om det som er vondt og vanskeleg. Sorgprosessen ynskjer vi ikkje å ta del i – difor ber vi profesjonelle hjelparar ta hand om den døde og gravferda.

Eg ynskjer å snu denne utviklinga. Eg trur det er viktig at vi som pårørande og etterlatne tek del i sorgprosessen og tek ansvar for sjølvé gravferda. Vi treng å vera meir aktive og medverka til alt som må gjerast og planleggast i samband med gravferda.

Difor er det viktig at dei etterlatne sjølvé skriv minneord om den døde og les dette i kyrkja, difor er det viktig at familien saman med presten planlegg seremonien med salmar og musikkinnslag, difor er det viktig at dei pårørande sjølvé kan gjere små og store praktiske ting, som til dømes å pynte kyrkja, stelle den døde, plukke blomar og ta med til kyrkja og lese opp teksten på sløyfene på kransane i kyrkja. Di meir dei pårørande tek del i førebuingane og prosessen rundt gravferda, di betre er det.

Så mitt råd til dykk som pårørande er: ta del i små og store praktiske ting som må gjerast i samband med gravferda. Ver deltagarar – ikkje berre tilskodarar til det som skjer.

Eg trur alt dette er viktig for vår eigen sorgprosess. Og eg trur det er viktig at vi ikkje heile tida skyv døden og sorga framfor oss – men

at vi tek tid til refleksjon og ettertanke i vårt eige liv.

I Lom har vi mange fine tradisjonar knytt til gravferda,

eksempelvis ljostenning og menneske som går med ljós framfor kista. Mange tek del i gravferda med blomar og helsingar. Nokre gonger er det òg gravferdsprotokoll, kor folk kan skrive inn helsinga si. Det er fint å sjå at vene og grannar viser medkjensle og støtte til dei etterlatne.

Eg har likevel lyst til å koma med to utfordringar og spørsmål i samband med gravferdstradisjonane i Lom: I nesten kvar gravferd er det eit hav av blomar og kransar i kyrkja – og

Gravferdstradisjonar...



slik det har vorte, skal kvar helsing lesast opp i kyrkja.

Eg undrast: Det er blomar for mangfaldige tusen kroner som kjøpast inn til gravferda. Er det ein idé å bruka noko av alle desse pengane til gode formål – i staden for til blomar som visnar på grava? Vi veit at både Kreftforeininga, Redd Barna og mange andre organisasjonar treng pengar støtt. Og Blomefondet i Lom treng pengar for å plante blomar på gravene. Eg tykkjer det ville vore ein fin måte å heidre den døde på, at ein kunne gje pengar til menneske med sjukdom og menneske i naud.

Det andre spørsmålet eg har lyst til å reisa, er: I Skjåk og Vågå nyttar ein tau ved senking av kista ved grava. I Lom brukar vi ein automatisk senkemaskin. Eg tykkjer det er ein fin tradisjon at dei pårørande reint fysisk legg den avdøde ned i grava. Spørsmålet er kva bygdefolket i Lom meiner? Eg tek gjerne imot folk sine tankar om dette.

Einar



Framhald frå førre utgåve:

Prestegardens kvinneforening 140 år

**Om Prestegardens kvinneforening
for Det norske misjonsselskap. Er
det eldste foreining i bygda som
enno går?**

tekst: Oddbjørg Blakar

Det har fleire gonger vore vikarar ved presteskifte. Også før Bondevik-familien kom vandrane over fjella frå Jølster i 1936. Eller kanskje dei fann ein annan veg, for Fru Marie var gravid med barn nr. 3: Kari vart fødd i Prestegarden, siste babyen som er fødd der på «gammal-måten». Da kan eg tru der kom barselvisittar, både kvinneforeininga og fleire. Presten hadde med seg vestafrå si eiga hushjelp, Signe, som vart gift med Torstein Sandviken og budde her livet ut. Ho var og trufast medlem

av kvinneforeininga o.a.

Dei to sønene til presten var Halvdan, som vart sjømannsprest, og Helge, som vart lege. Kari vart først gift i Danmark, men bur i Oslo no.

Etter Bondevik kom familien Ahlstrøm, frå langt mot nord. Sjølvsgart framande for bygda sine skikkar, men vart verande her i mange år. Dei 3 borna deira var små da dei kom, og fekk oppvekstår her, kanskje heimbygd og. Litt om senn vart eg buande nær prestegarden, og var av og til med i kvinneforeininga. Ikkje fast medlem, sjølv om eg hadde sykkel, og lyst til det. Men eg kjende meg for ung i den foreininga da(!), og hamna i ei anna misjonsforeining

i grinda vår. Da den vart lagt ned (Santal misjon) kom eg att i Prestegarden.

Sjølv om den nye presteboligen på mange vis var enklare å bu i enn den gamle, store tømmerbygningen, var det eit kaldt hus det nye og. Ein av mange kalde vintrar fortalte fru Ahlstrøm at dei fyra i 9 omnar, jamvel i kjellaren for at ikkje poteter o.a. skulle frose. Der var nok ei stor restaurering føre Georg Hille og mora flytte inn, men det var reisverkhus med dårleg isolasjon. Det laut berast inn mykje ved.

Petra Ahlstrøm var ei av dei første kvinnene i Lom med førarkort for bil. Det vart modell for fleire.



Bak, frå venstre: Kari Haugen, Elise Wiker, Mari Kvaale, Ymbjørg Slettom, Kari Teigen Andvord, Borghild Falling, Anna Krøkje, Agnes Strind, Kari Kvamme, Anna Kroken, Gudrun Torekveen, Ragnhild Bjørgen, Marie Gjeisar, Live Sanden, Ruth Flækøy, Marit Bakke, Elvida Hørven. Framme, frå venstre: Maria Slålien, Celi Kroken, Maria Kvamme, Fru Ragna Hille, Torø Sveen, Rønnaug Randen, Martha Gjengedal. På golvet: Kari H. Aukrust, Helga Engen.



Kyrkjeblad for Lom

Når «prestegardsforeininga» i presten Halset si tid fylte stovene var det han som stod for kaffikokinga. Audni var varm og flink dirigent (som dei føre òg var). Det var ho som forfatta den avslutningsbøna vi no og bruker på møta.

Etter mange år i Lom vart Halset-familien også pensjonistar. Han hadde fleire gonger sagt at han kjende seg heime i Lom frå dag ein. No vart det same spenninga att: fekk vi nye prestefolk som ville kjenne det slik?

Det kom ein aktiv vestlending, med fleire born og kone som var utlærd organist. Diverre var han mykje sjuk. Men Anne Mundal laga det alltid slik at «prestegardsforeininga» passa inn i programmet deira. Med stor familie og andre oppdrag med orgelet, t.d. korleiar, hadde ho mangt å henga fingrane i, men vi hadde mange fine møte hjå dei i den minste stova i dei åra dei fekk i Lom.

Det kom ein ny vestlending etter dei, - yngre folk. Da kom «ei ny

tid» til kvinneforeininga. Inger Marit var lærar, og fekk jobb i skulen straks. Da laut møtetida endras til kveldstid, som den enda er. Ho fekk eit godt nettverk blant yngre damer, delvis knytte til skulen. Det vart ei fornying, i alle fall ei tid. Men kanskje treivst ikkje Ivar Austrheim så godt i Lom. Han søkte, og fekk kall i nærliken av heimeplassen hans Gloppen. Og dermed var det same spenninga på nytt...

Framhald i neste utgåve!

Nytt kyrkjelydshus

I presten sine tankar i førre kyrkjeblad for Lom, skreiv eg om planane for nytt kyrkjelydshus og om diskusjonane som har vore om eit nytt bygg for kyrkjelyden i Lom.

No har Lom kyrjelege råd hatt saka oppe til drøfting, og har endeleg kome fram til eit vedtak som eg som prest er svært taknemleg og glad for. Rådet har med stort fleirtal (7 mot 2 røyster) gått inn for å bygge nytt kyrkjelydshus bak Lomskyrja attmed eksisterande servicebygg.

Tanken er at eit slikt nytt bygg skal ha både møtesal, kjøken, toalett, lagerrom og arkiv. Endeleg kan kyrkjelyden få samla alle sine aktivitetar og arkiv under same tak.

No er det opp til fleire instansar å gje sin tilslutning og godkjenning til planane. Fyrst og fremst er det Riksantikvaren som må godkjenne planane og deretter må Lom kommune uttale seg i saka. Oss i kyrkjelyden gler oss til å få realisert draumen om eit nytt og funksjonelt kyrkjelydshus.

Vedtaket frå Lom kyrjelege råd lyder:

Sak 6/16. Alternativ 1; Bygge nytt kyrkjelydsbygg ved eksisterande driftsbygg bak Lom kyrkje er vedteke med 7 mot 2 røyster.

Vald prosjektgruppe til å arbeide med alternativet er samansett av:

Jon Kleiven, Per Morten Mork (frå Lom kyrjelege råd), Arnstein Rusten (frå Lom kyrjelege råd), Gunn Berit Vole Mork (for dei tilsette).

Prestegardens kvinneforening

Kvinneforeininga har møte andre tysdag i månaden. Vi møtast heime hjå kvarandre, og av og til i Prestegarden, eller på Sandom. Nokre av møta er felles med kvinneforeininga i Vågå. Før sommaren har vi møte 10. mai og 14. juni. Ta kontakt med Anna Magni på telefon 61 21 27 45 for meir informasjon.

Blomefondtilsett:

Guri Husom er tilsett som kyrkjegardsarbeidar på kyrkjegardane våre fram til 31. august.

Lik Lom kyrkjekommune på facebook!

[facebook.com/lomkyrkjekommune](https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune)





Populær påskeverkstad

Rett før påske inviterte vi 10-åringane til påskeverkstad. Ein ivrig gjeng produserte mykje fin pynt som pryda eit "påsketre". Dette stod i Lomskyrkja som ei ekstra velkomst til kyrkjelyden både påskennatta og fyrste påskedag.



Jon Øystein, Jo-Ingebrigtsen og Stefan i aksjon!



Full konsentrasjon hjå Amund og Håvard...


Tårnagentar ute på hemmeleg oppdrag!

Vi har også hatt fellestiltak med Skjåk i Nordberg kyrkje. Her var 8-åringane inviterte til å vere Tårnagentar. Dei hadde "hemmeleg" oppdrag, så vi kan dverre ikkje skrive så mykje om det her, men agentane hadde særskilt hjelpe av Jon Håvard Strypet frå politiet.

Vi kan røpe så mykje som at det var både artig og spanande!



Framme frå venstre: Torbjørn, Oliver, Gea Aurora, Ella, Edrikka, Martine Bak frå venstre: Amalie, Helene, Matilde, Anne, Mina, Sander og Linda



Strypet studerar funna til tårnagentane.

...elles ser vi fram til desse tiltaka:

- 4. mai for 6-åringane: Snart skulestart – Den Gylne Regel
- 11. mai for 6-åringane: Kornet
- 6. juni for 4-åringane: Vi sår frø
- 27.-28. august for 11-åringane: Ljos vaken ved Dalsvatnet
- 27.-28. august for 12-åringane: Framleis ljos vaken ved Dalsvatnet





Omvisartenesta sesongen 2016

Vi vil rette ein stor takk til Torunn Kjøk for den gode jobben ho har gjort i omvisartenesta dei seks siste sesongane. Som arbeidsleiar har ho vore strukturert og gjestfri, og ho har synt seg som ein stor ressurs. Torunn har vald å prioritere andre oppgåver, og vi vil nok sakne ho i det daglege arbeidet i omvisarsesongen. Ho har heldigvis sagt seg viljig til å ta i eit tak ved behov om det skulle høve seg, og det er vi svært glade for!

Opningstidene denne sesongen:

16. mai – 12. juni:

kl. 1000 – 1600

13. juni – 21. aug.:

kl. 0900 – 1900

22. august – 4. sept.:

kl. 0900 – 1700

5. sept. – 25. sept.:

kl. 1000 - 1600



2016

Omvisarar sesongen 2016:

Anna Moe
Arp Schmidt
Lars Bakkem
Rannei Hosar
Aase Helland
Sindre Banken
Magnus Mundal
Hilde Granum
Vemund Olav Aukrust
Trygve Garmo

foto: Ola Rossethaug

Fasteaksjonen 2016

Tusen takk til alle som gav pengar i bøssene til Kirkens Nødhjelp ved fasteaksjonen i år!

Vi vil også rette ein stor takk til dei 22 flinke ungdomane som utgjer konfirmantkullet vårt, og gjekk med innsamlingsbøsser. Ein stor takk går også til alle som stilte opp og køyrd ungdomane rundt i bygda! Utan dykk hadde ikkje dette gått.

Resultatet i år vart som følger:

Bøverdalens kr. 3 043,-

Garmo kr. 5 690,-

Lom kr. 17 175,-

Tusen takk til banken!

Sparebank 1 Lom og Skjåk har gjeve fyrstehjelppskrin til alle dei tre kyrkjene våre. Dei har og gjeve oss kr 2000,- i gåvemidlar. Jamfør søknaden vår, går halvparten av dette til barnekoret vårt, den andre halvdelen til kyrkjebladet du no held i hendene. Vi er svært takksame for dette!



Nytt frå Lomsklangen

- Lomsklangen førebud seg med stor flid og iver til Tor Jonsson-jubileet mellom anna med to nykomponerte melodiar av Aud Gravningen Sørhage. Gled dykk!



- I juni deltek blandakoret på songarstemnet på Lesja, også der med nokre Tor Jonsson-songar på repertoaret.
- Om du vil prøve deg på korsong, er det øving på Helseheimen kvar måndag 19:30-21:30, med kaffipause. Koret har eit godt miljø, og er ope for alle.

Unge songarar er spesielt velkomne!



TOR JONSSON-ÅRET 2016:

Vår og sommar:
Skrivetevlaing for ungdom. Tema «Bygda».

MAI

4. mai: Ingar Sletten Kolloen held foredrag om Tor Jonsson for Diktets venner i Skien

11. mai: Tor Jonsson på biblioteket i Harstad.
Lars Bremnes syng Tor Jonsson-tekster.

14. mai: Eit Tor Jonsson-magasin blir distribuert i 20.000 eksemplar. Magasinet inneholder stoff om Tor Jonsson og marknadsfører heile Jonsson-året. Magasinet har blitt til i samarbeid med avis Hallingdølen.

21. mai: Opning av Tor Jonsson-året i Lom - sjå detaljert program under

28. mai: Litteraturfestivalen på Lillehammer
• Teaterstykket Berre kjærleik og død
• Tale ved Ingar Sletten Kolloen
• Kulturinnslag: Åndsreppen i Gausdal og Tor Jonsson
Arrangement i regi av Nasjonalbiblioteket

JUNI

5. juni: Maridalen kirke: Kulturveld med Tor Jonsson

JULI/AUGUST

29. juli: Håvard Teigen held Tor Jonsson-foredrag på Olsok i Lom

24. august: Berre kjærleik og død - Nynorskscena, BUL i Oslo

25. august: Berre kjærleik og død - Rui gard Lunsj og lyrikk på Det Norske Teatret

SEPTEMBER/OKTOBER

1. september: Tor Jonsson i skjemt og alvor med Hildegunn Hovde, Aslak O. Brimi, Stein Magne Eggen og Even Lusæter. Nordgard Aukrust.

2.-4. september: Diktardagane i Lom, Skjåk og Vågå. Tor Jonsson er Diktardagardiktar

14. september: Bygdedyr et og andre skrømt hos Tor Jonsson. Kåseri ved Andreas Hompland for BUL i Teatersalen

21.-22. september: Journalistikkseminar på Ål. Samarbeid med Landslaget for lokalaviser og avis Hallingdølen

7. oktober: Riksscena i Oslo. Konserthen Tor Jonsson - 100 år i kjærleik og død

ProSalong. Litteraturhuset Lillehammer i samarbeid med Faglitterær forfatterforening

NOVEMBER

11. november:
Posten Norge lanserer frimerke med Tor Jonsson

Opningsarrangement 21. mai Program for dagen

12:00

Seremoni på Tor Jonssons plass
Tor Jonssons plass framfor
kommunehuset/
banken skal nyopnast.

Helsingar:

- Leiaren i Tor Jonsson-laget
- Ordføraren i Lom
- Banksjefen
- Lomsklangen syng

12:30

Vandring og lesing: Ord i stein.
Kjende og mindre kjende sitat frå
Tor Jonsson er montert i steinplater
rundt i sentrum og ved Stuslegstugu.

Vi vandrar, les sitata og heile dikta
som dei er henta frå.
Vi endar opp ved Stuslegstugu.
• Ord for dagen ved Bård Hanem
• Kunstnerisk innslag

18:00

Festkveld i Utgard
• Opning ved Håvard Teigen
• Tale ved Ingar Sletten Kolloen
• Konserthen «Tor Jonsson – 100
år i kjærleik og død» med
Aslak Brimi, Hildegunn Hovde
og Aasmund Nordstoga
• Elevar frå ungdomsskulen deltek

20.00

Festmiddag på Fossheim Hotel



Tor Jonsson og kristendomen

Tor Jonsson sa ein gong: «Jesus hadde eit stort program, men så vart det berre kyrkje av det.»

I artikkelen «Kristendom og humanisme», skriv han:
«Grunnlaget for den humanistiske ide vart lagt av Sokrates. Han var den første som såg mennesket som det sentrale. Men det var tømmermannsonen Jesus som gav ideen levande innhald. Det var han som forkynte respekten for den einskilde, menneskeverdet. Kristendomen, d.v.s. kyrkja, har vunne fram til si stilling i dag berre ved å fornekte kjernen i kristendomen, alliere seg med dei verdslege herrane og tene dei.»

Desse sitata gjev oss eit inntrykk av Tor Jonsson sitt syn på kristendomen og på kyrkja. Hadde han ei gudstru?

Olsok, 29. juli 2016, vil Lom heimbygdslag markere 100 årsjubileet for Tor Jonsson. Professor Håvard Teigen skal vera festtalar der han vil ta for seg temaet: Tor Jonsson og kristendomen. Camilla Granlien vil framføre songar med tekster av Tor Jonsson, Olav Aukrust og andre. Lom spelemannslag vil også i år vera med.



Elles vil vi nemne at Heimbygdslaget skal få spalteplass i Kyrkjebladet framover. Her vil vi koma med historisk stoff knytt til kyrkjene i bygda, prestar og andre ting som har å gjera med kyrkjelivet. Mykje vil nok vera kjent for mange, men vi håpar at fleire skal få interesse og meir kunnskap om dette historiske stoffet.

-Lom heimbygdslag

Tor Jonsson vart fødd på ein av dei vakraste vårdagane, 14. mai i 1916 på Prestkroken i Lom, ein husmannsplass under prestgarden. I barndommen heldt Tor seg mykje for seg sjølv. Han var liten og veik og hemma av dårlig syn.

Han likte å gå lange turar i fjellet og vart av mange sett på som ein einstøring. Tor gjekk folkeskule og toårig framhaldsskule i Lom. Han var ein skuleflink elev, og når skuleklokka ringde inn skapte han seg om frå tapar til vinnar. Han las enormt mykje, hadde klisterhjerne og var flink både med pennen og med kjeften.

På framhaldsskulen fekk han Randi Bojer, dottera til Johan Bojer, som lærarinne. Ho ville hjelpe den skuleflinke eleven til meir utdanning, og han fekk løfte om pengestøtte frå faren Johan, men Tor takka bestemt nei. Han ville ikkje leva på «rikmanns gunst».

Hausten 1932, same haust som Tor gjekk ut av framhaldsskulen,

Tor Jonsson 1916 - 1951



debuterte han med forteljinga «Eit illmenne» i Arbeidermagasinet. I 1943 debuterte han med diktsamlinga «Mogning i mørkret» på Noregs boklag. I perioden 1945-1947 arbeidde han som journalist i Dølenes Blad, seinare Dølabladel på Otta og som redaktør i Hallingdølen eit halvt år i 1946. Men han budde stort sett heime i Lom og livnærte seg som diktar og frilansskribent. I 1946 ga han ut diktsamlinga «Berg ved blått vatn» og samlinga

«Jarnnetter» kom ut 1948. Rett før han døydde leverte han manus til «Ei dagbok for mitt hjarte» som vart gjeve ut hausten 1951 saman med 28 lause dikt.

Hausten 1950 vann han Kyrkjedepatementets pris for beste amatørskodespel med einaktaren «Siste stikk», og han kom ut med artikkelsamlinga «Nesler», artiklar og innlegg han hadde skrive som spaltist i bladet Bygdeungdommen eller hatt på trykk i Dagbladet og Arbeiderbladet. Han skreiv om kulturelle og sosiale tilhøve på landsbygda, men var også sterkt politisk engasjert i store spørsmål om nasjonalisme, religion og dødsstraff og kven som var dei eigentlege heltane etter krigen. Han kunne vera både skarp, ironisk og satirisk, i sine bitande åtak mot urett og undertrykking.

Tor Jonsson har skrive seg inn i litteraturhistoria med nokre av våre mest kjende og kjære dikt som Norsk kjærleikssong, Når du er borte og Ordet. Evig er Ordet,





GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt.
Sjå meir informasjon under messeplanen.

Sundag 01. Mai

LOM KYRKJE kl. 11:00. Felles 1. mai-messe for Lom og Skjåk

Onsdag 04. Mai

LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

Torsdag 05. Mai

Kristi himmelfartsdag
SEL KYRKJE kl. 11:00. Prostidag for Nord-Gudbrandsdal prosti.

LOM KYRKJE kl. 19:30. Gastronomiske dagar.

Sundag 15. Mai

Pinsedag
LOM KYRKJE kl. 11:00. Pinsedagsmesse med offer til trusopplæringsarbeidet i bygda.

Tysdag 17. Mai

LOM KYRKJE kl. 12:00. Grunnlovsmesse med offer til Kirkens Nødhjelp.
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Grunnlovsmesse med offer til Kirkens Nødhjelp

Laurdag 21. Mai

LOM KYRKJE kl. 11:00. Konfirmasjonsmesse.

Onsdag 25. Mai

LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

Laurdag 28. Mai

GARMO KYRKJE kl. 11:00. Konfirmasjonsmesse.
LOM KYRKJE kl. 19:00. Kveldsmesse Flåklypa Grand Prix.

Sundag 12. Juni

4. sundag i treeiningstida
Gamle Garmo Stavkyrkje. Kyrkjelydstur med messe v/
Einar Gelius i gamle Garmo stavkyrkje på Maihaugen
kl. 12:00.

Fredag 17. Juni

LOM KYRKJE kl. 19:30. Kveldsmesse i samband med Fjordingsmartnan.

Onsdag 22.Juni

LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

Atterhald om endringar i gudstenestepalanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html>

eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune

Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Sundag 26. Juni, Aposteldagen
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med barnedåp.
BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30. Kveldsmesse.

Sundag 03. Juli, 7. sundag i treeiningstida
LOM KYRKJE kl. 19:30. Kveldsmesse.

Sundag 17. Juli, 9. sundag i treeiningstida
MEDALEN BEDEHUS kl. 19:30. Kveldsmesse med offer til huset.

Onsdag 20. Juli
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

Sundag 24. Juli 10. sundag i treeiningstida
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe.

Fredag 29. Juli Olsok
LOM KYRKJE kl. 18:00. Olsokmesse.

Sundag 31. Juli 11. sundag i treeiningstida
GARMO GAMLE KYRKJETOMT kl. 11:00.
Friluftsmesse med barnedåp.

Sundag 07. August 12. sundag i treeiningstida
LOM KYRKJE kl. 19:30. Kveldsmesse.

Onsdag 17. August
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

Sundag 21. August Vingardssundagen
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med konfirmantjubileum.

Sundag 28. August 15. sundag i treeiningstida
PRESTEHYTTA VED DALSVATNET kl. 12:00.
Messe etter «Ljos Vaken» for 11- og 12-åringar.
Kyrkjekaffe v/ Lom kyrkjelege råd.

Sundag 04. September 16. sundag i treeiningstida
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe i samband med Diktardagar. Lomsklangen deltek.



Glimt frå tidlegare årgangar

15. oktober 1940

KYRKJEBLAD FOR LOM

Pass deg for det fyrste glaset.

Ein konfirmand har mange fårar som lurer på seg. Ein av dei aller verste er rusdrykken; for den ungdom som kong Alkohol får i si tenest, er ikkje stort verd. Mang ein unggutt har vorti livsslave under den kongen og spilt det gode sakornet som skulle bera hundre fold.

Dei lærde seier at ikkje noko har ført så mykje usæle og sorg mellom folk som alkoholen.

«Du skal heidra far og mor,» seier bodordet. Dette gjer du aller best ved å leva slik at foreldra får hugnad av deg. Men drikk du og lever eit lákt liv, da vanheidrar du foreldra og fører sorg over dei grå håra, — som du hugsar Jakob-sønene gjorde. Men dei steinar du såleis legg attåt foreldrebyrda, får du så visst sjølv ein gong bera.

Rusdrykken kjem til deg så dårande skullaus og pen, kanskje i form av perlande vin i fint selskap, eller under skin av kameratskap mellom lâke vene. Det eine glaset gjer da ikkje noko, meiner dei fleste. Men da dârar dei seg sjølv; for det eine glaset dreg lett det andre etter seg, og før du veit, går du på same vegen som har ført til ulukke for så mange. Såleis har drankaren byrja og, og ikkje sett fâren før det var forseint.

Seg beint nei til det fyrste glaset. Det er så mykje som står på spel, kanskje ein god heim og ein lys livslagnad, for alt det du veit. Kan du venda ryggen til det fyrste glaset, har du vunni over ei stor freistung, og står mykje betre rusta mot den neste.

Er det avhaldslag i bygda, så har du ei stor hjelp der. Når du melder deg der, kjem du i hop med folk som rusdrykken ikkje freistar meir. Du vil bli styrkt i samvære med desse folka, og der kan du møta vene som verkeleg vil deg vel.

Johs. Bruheim.

Tannlækjar Sverre Rudsar

har privatpraksis frå kl. 3—5.

I Lom kvar måndag og fredag.

I Skjåk, Marlo, tysdag og onsdag.

TELEFON.

Tannlæge Methi, Lom

Kontortid kl. 10—2 og 5—6.

På Nordberg første mandag, på Aanstad
de øvrige mandager i hver måned.

Trykt i Otta Bok- og Avistrykkeri, Otta.

Tidlegare utgåver av Kyrkjeblad for Lom er utlånt av Laila Kvåle Laingen. Tussen takk!

Lom Kooperative Handelslag

Lom og Skjåk Sparebank

Alle vanlige bankforretninger utføres.

KONTORTIDER:

LOM: Onsdag og lørdag kl. 10,00—14,00.

SKJÅK: Lindsheim 3. fredag hver mnd.
kl. 11,00—14,00.

Bilkontoret øvrige fredager kl. 10,00—14,00.

Rentesatsene er f. t. følgende:

Innlån:	6 mnd.	opsigelse	2½ %
		Alm. sp.b.vilkår	2 %
		Folio	½ %

Utlån: Pante- og vekselobl. 3½ %

Inkasso.

Sikkerhetsbokser.

Hjemmesparebøsser.

Skal

det vera ei lita gåve til kjende og kjære, anten desse er her i bygda eller andre stader, så hugs at ein porselensting med Lomskyrkja på er høveleg. Hugs at du får kjøpt like så mykje „Lomseggen“ på kaffikorta som andre kaffislag og da må vel den saka vera grei.

Andreas Holø.

Lom Th. Garmo

Virkelig velassortert forretning

Papir- og bokhandel

Fag-, religiøs- og skjønnlitteratur

Kyrkjebladet kjem ut den 15. i kvar månad undantek juli og august.

Bladpengar innanbygds kr. 1, utanbygds kr. 1,50

Bladstyrar: Soknepresten.



Kyrkjeblad for Lom

DUGNADER

Mange takk til alle som så langt har stilt opp på rakedugnadene i Lom og Garmo!



Minner om siste rakedugnaden i år:

Raking Bøverdalen kyrkjegard mandag 9. mai kl. 18:00

Vi ynskjer og å minne om dugnadene der vi planter blomar på gravene. Dette kan vi gjere takka vere bidrag til blomefondet gjennom året!

Planting på kyrkjegardane:

- Lom kyrkjegard mandag 6. juni kl. 18:00.
- Garmo kyrkjegard tysdag 7. juni kl. 18:00
- Bøverdalen kyrkjegard onsdag 8. juni kl. 18:00

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I
NORD-GUDBRANDSDAL:

VAKTNUMMER: 414 81 457

Kveld/natt: Kvartdagar kl 17:00 - 09:00
Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

Heim og ætt



Døypte i Lom

23.03.16: Therese Aamodt Eggen



Jordfesta i Garmo:

01.04.16: Jan Erik Øyen, f. 1980

Jordfesta i Lom:

01.03.16: Magna Krøkje, f. 1920

18.03.16: Kristen Brandsar, f. 1926

Frist for innsending av stoff til neste
kyrkjeblad er 15. aug. 2016!

Konfirmantar i Lom kyrkje laurdag 21.mai:

Siri Aaboen
Einar Magnus Aukrust
Reidar Aurmo
Elise Øverli Bore
Torhild Brenna
Jens Fossen
Vemund Fyrun
Ingrid Aas Haugtredet

Line Kjørren
Mari Husom Kjørren
Gorm Kvikstad
Marthe Kvåle
Håkon Marstein
Live Marie Kleiven

Brit Irene Mork
Rønnaug Mork
Ørjan Nørjordet
Åsmund Risheim
Amund Olav Rusten
Martin Sæter
Erik Vaagaasar
Marcus Antonio Vole

Konfirmantar i Garmo kyrkje laurdag 28.mai:

Vårhild Bakke Berntzen

Erland Vangberg

Kyrkjelydstur til Lillehammer og Maihaugen sundag 12. juni

Avreise frå Kyrkjevollen i Lom kl. 8:30.

Alle smørjer med niste og tek med drikke (kaffe eller anna), da vi tek ein rast i midtdalen ein plass.

Messe i gamle Garmo stavkyrkje ved Einar Gelius kl. 12:00.

Etter messa vert det felles middag på Maihaugen.

Resten av dagen brukar vi på å sjå oss omkring på Maihaugen. For dei som er interesserte i det, ser vi på kyrkja og tek for oss litt av historia til den.

Heimreise om lag . kl. 16:00. Pris per person er sett til kr. 450,-.




Påmelding til kyrkjekontoret ved Borghild (tlf. 61 21 73 38) eller Gunn Berit (tlf. 61 21 73 39). De kan også sende e-post til kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

Påmeldingsfrist er 4. juni!




Kultur, idrett og frid	61 21 16 30
Miljø	474 66 826
Reimsæanlegg Fossbergom	61 21 12 30
Miljøvern	465 05 428
Dritsoperatør Jon Terje Husom	906 74 417
Dritsoperatør Svein Arne Olsen	979 80 482
Fagleiar kommunalteknik	951 31 854
Renovasjon	468 21 863
Vegg/vatin/Kloakk	993 99 690
Renovasjon Melby Transport	905 99 690
Lom miljøstasjon	975 54 744
Tekniske vakt	971 53 580
Eftersøksgruppa	997 12 939
Skoigkontoret	958 26 661
Natur og friluftsliv	468 21 863
Bryggesakar	414 11 112
Avd. i ing. kommunale bygg	959 89 942
Næringsmidta	997 12 939
Vitnemida	997 12 939
Eftersøksgruppa	997 12 939
Konfliktrådet i Oppland	22 77 72 10
Kyrkjeverge	61 21 73 38
Kyrkjelydssekretær	61 21 73 39
Prestekontoret	61 21 73 40
Skattetetaten	800 80 000
Lom og Skjåk branntvesen	959 89 944
Politi	61 05 32 50 / 02800
Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon:	907 31 784
• Ingulf Brandsarbakken	991 27 251
• Magnar Koldein	951 52 688
• Terje Husøy	951 52 688
• Kjell Petter Syvergaard	901 35 519
Skuie og utdanning	481 57 063
Løar skule	61 21 10 91
Lom ungdomsskule	474 66 829
SFO Løar skule	474 66 829
Vaksenoppføring	61 21 10 91

Legevakt, kveld og helg	61 70 08 00
Kl.08.00-11.30 og 12.00-15.30	61 21 72 00
Legekontor	900 24427
Mobil	61 21 72 07
Jordmor Ellen Olasveen	61 21 72 08
Helsestester	909 47 300
Vaktelefon	975 06 860
Fysioterapi	61 21 72 10
Ergoterapi	61 21 72 35
Helse- og legtenestre	907 31 784
Legklinik	61 21 11 69
Lom helseheim	481 49 062
Psykiatrisk sjukepleiar	61 21 72 25
Pleie- og osmorg	61 21 72 25
LEGEVAKT	116 117
Veterinæravkt	61 21 13 00



Minitелефonkatalog for Lom kommune

LOM





hentekalen under fra NGR for utlynde informasjon.
(Så oppslag på miljøstasjoner eller informasjon i

minstevolum. For avfall utover minstevolum vert det gjev

gratis til miljøstasjonen. Men det gjeld berre innan fastsette

husstandar far levere gevinstinbart avfall og spesialavfall

Gudbrandsdal renovasjonselskap (NGR).

Gebry for motak av næringssavfall vert fastsett av Nord-

om for næringssavfall.

gratis til miljøstasjonen. Men det gjeld berre innan fastsette

husstandar far levere gevinstinbart avfall og spesialavfall

Gudbrandsdal renovasjonselskap (NGR).

Miljøstasjonen

Kategori	Gebry	Bustadhus:	Type abonnement	Gebry for renovasjon:	Tilslamming	Pris
I - Feiring kvartr 4, tilsyn kvartr 4, år	701,25 pr. år	A-abonnement	36	250,00	550,00	580,00
II - Feiring kvartr 4, tilsyn kvartr 4, år	441,25 pr. år	B-abonnement	48	2 893,75	2 222,50	2 222,50
III - Feiring kvartr 4, tilsyn kvartr 4, år	225,00 pr. år	C-abonnement	24	2 893,75	2 222,50	2 222,50
IV - Feiring kvartr 4, tilsyn kvartr 4, år	890,00 pr.	Hytte, fridshus, settre:				
V - Enkel standard gruppe 1	12	Enkel standard gruppe 1	12	230,00		
VI - Høg standard gruppe 3	12	- høg standard gruppe 3	12	530,00		
VII - Husstandar for henteavstand 10 - 20 meter:	375,- pr. år	Tillegg for henteavstand 10 - 20 meter:	375,- pr. år	375,- pr. år	375,- pr. år	375,- pr. år
VIII - Husstandar for henteavstand 21 - 30 meter:	625,- pr. år	Tillegg for henteavstand 21 - 30 meter:	625,- pr. år	625,- pr. år	625,- pr. år	625,- pr. år
IX - Husstandar for henteavstand over 30 meter:	975,- pr. år	Tillegg for henteavstand over 30 meter:	975,- pr. år	975,- pr. år	975,- pr. år	975,- pr. år

Felingsavgiift	Felingsavgiiften er som visst nedanfor:	Tilslamming pr m³:	Tilslamming per m³:	Slamtømning etter avtale pr m³:	Slamtømning etter avtale pr m³:	Elg, kalv:	Elg, kalv:
Felingsavgiift	Felingsavgiiften er som visst nedanfor:	465,-	465,-	465,-	465,-	270,-	270,-

Allle priser er inklusiv merverdialvigt om ikke anna er nemnt, med atterhald om fel/endringar



LOM KOMMUNE INFORMER

Allie sjølvstendig bueiniingar skal ha eit botenfrådrag på kr 450 000 som skal trekast frå takstverdien, jfr. esktl. § 11 andre ledd.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad er frifotne for eigedomsakkatt i 10 år (eigedomsakkattelova § 7 bokstav c) inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritakket.

Noke domme på totale årsgebyr (fast del og forbruk):

Kategori	Vart	AvalauP
Bustad 1-124m ²	3 857,50	4 938,75
Bustad 125-149m ²	4 332,50	5 520,00
Fritidshus 1-124m ²	2 435,00	3 196,25
Næringsseiɡeddom 150m ³ /år	4 806,25	6 101,25
Næringsseiɡeddom 1.100m ³ /år	28 710,00	36 022,50
Fritidshus	2 435,00	3 196,25
Fyrste gonger tilknytting	1 250,-	1 250,-
Timessats	1 980,-	1 980,-
Dagsats	310,-	310,-
Til og med 14 timer pr. veka	95,-	95,-
Satsane for skulefritidsordninga pr. måned:	1 200,-	1 200,-
- Syksemoderasjon:	2 400,-	2 400,-
- Gruppeundervisning dans, drama,	1 250,-	1 250,-
- Formgjeving	2 580,-	2 580,-
Satsane for musikk- og kulturskulen, pr. år:	6 120,-	6 120,-
Prisdøme på bryggesakshandsamling:	9 406,-	9 406,-
Oppmåling og bryggesak	12 160,-	12 160,-

Oppmåling av andre bygningiar (forrenting, industri, garasje m.m., inkludert påbyggning):

Oppføring av bustader og fritidshus

- Ved politisk avgjerd
- Ved administrativt avgjerd

Soknad om dispensasjon fra gjeldande planar:

over 100 m ² (for kvar påbyrja 100 m ²)	1 193,-
• 71 - 100 m ²	1.600,-
• 0 - 70 m ²	6 120,-
Oppføring av andre bygningiar (forrenting, industri, garasje m.m., inkludert påbyggning):	9 406,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved politisk avgjerd	4 495,-
• Ved administrativt avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:


• Ved administrativt avgjerd	4 495,-
• Ved politisk avgjerd	9.000,-

Prisdøme på opprettning av matrikkelteinig:

• Ved administrativt avgjerd	4 495,-



Lom



Lom
nasjonalpark-
landsby

N

Lomsbyt

Informasjon fra Lom kommune - nr. 1 2016